

**Sakshandsamar:**

Guro Høyvik  
E-post: Guro.Hoyvik@sfj.no  
Tlf.: 41530608

Sissel Lillebø Aarseth  
E-post: Sissel.Lillebo.Aarseth@sfj.no  
Tlf.: 91152030

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/11575-114  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

22206/16

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 27.06.2016

**Notat****Frå:** Sissel Lillebø Aarseth og Guro Høyvik

Ingebjørg Erikstad, NKA

**Til:****Kopi til:****Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2016 - løyving 2016**

Fylkesrådmannen fekk i hovudutval for næring og kultur (HNK) sak 65/16 fullmakt til fordeling av tilskot til kulturbygg ut frå følgjande prinsipp og i prioritert rekkefølge:

- a) Gjenteiken søknad.
- b) Tiltak som reduserer energiforbruket, (ENØK- tiltak)/kulturbygg som samlar ulike kulturaktivitetar.
- c) Tilleggsloøyving.

Fordelinga vert referert for hovudutvalet i septembermøtet.

Søklarar som har fått avslag men har ein godkjend søknad, kan fornye sine søknadar i 2017. Det gjeld også for søklarar med søknadar som ikkje er godkjende, dei kan rette opp manglane og fornye sine søknadar til neste søknadsrunde.

På bakgrunn av dette har fylkesdirektøren vurdert søknadane.

Sogn og Fjordane fekk i 2016 eit tilskot på 2 131 298 kr til føremålet. I tillegg har fylket frå tidlegare år 325 456,31 kr attståande i rentemidlar og ufordelte midlar. Totalt disponerer ein difor 2 456 754,31 til føremålet.

Godkjent søknadssum er 8 515 000 kr.

Fylkesdirektøren vurderer å sette av 214 754 til ev. klager. Midlar som ev. står att etter ei ev. klagehandsaming kan bli fordelt som ei ytterlegare løyving i 2016.

I tillegg til prioriteringane i HNK vil fylkesdirektøren prioritere å gi løyving til flest mogleg av søknadskommunane og følgje kommunen si prioritering.

Rammeløyvinga frå Kulturdepartementet er i år ikkje stor nok til at alle godkjende søknadar kan prioriterast for løyving. I år er det heller ikkje rom for å løyve til alle kommunane sin første prioriterte søknad, slik det har vore rom for tidlegare.

Fylkesdirektøren vil difor i 2016 prioritere søknadar frå frivillig sektor. Dette er grunna i at alle bygdahus/grendehus er lokalar som samlar ulike kulturaktivitetar i bygda si, og difor oppfyller prioritet b) frå HNK. Det er også i stor grad ENØK-tiltak som vert sett i verk. Desse søklarane har ein økonomi som er prega av dugnadsinnsats og stor privat verdiskaping. Desse søklarane har heller ikkje mva-refusjon for investeringskostnader i bygg slik kommunane har.

Fylkesdirektøren vurderer difor at ei rask utløyving av tilskot til frivillig sektor er med på å lette den økonomiske belastninga for søklarane.

Fylkesdirektøren følgjer HNK si prioritering a) Gjenteiken søknad og b) ENØK/samle ulike kulturaktivitetar. Men fylkesdirektøren ser at det ikkje er mogleg å følgje opp prioritering c) tilleggsøyving. Dersom ein etter klagefrist er ute har midlar til gode kan dette verte vurdert på nytt.

### Løyvingar

Askvoll samfunnshus,	Askvoll	kr	190 000
Naustdal barne- og ungdomsskule, kulturhusfunksjonar,	Naustdal	kr	1 070 000
Realen kulturhus,	Bremanger	kr	429 000
Grendahuset Mardal skule,	Gloppen	kr	408 000
Loen bygdehus,	Stryn	kr	145 000
			kr 2 242 000

### Avslag

Eikefjord kulturstove	Flora	
Gamlebua i Stavang	Flora	
Breidvik og Bålen grendahus	Gulen	(tilleggsøyving)
Lifjorden Grendahus	Hyllestad	(ikkje godkjent søknad)
Lavikdal grendahus	Høyanger	(ikkje godkjent søknad)
Ungdomshuset Leikvang	Leikanger	(tilleggsøyving)
Sogndal kulturhus, nytt kulturareal	Sogndal	
Sogndal kulturhus, vetlesalen	Sogndal	
Holmedal bygdehus	Askvoll	
Naustdal barne- og ungdomsskule – bibliotek	Naustdal	
Kulturhuset Heimem	Bremanger	(ikkje godkjent søknad)
Strandhall/Ryland Grendahus	Bremanger	(ikkje godkjent søknad)
Aldaheim	Stryn	

### Prosjekt som vert løyvd midlar

Tiltak:	<b>1433 0002 08 Naustdal barne- og ungdomsskule, kulturhusfunksjonar</b>			Søkjar:	<b>Naustdal kommune</b>
	Kommunal prioritering: 1/2.				
Innhald:	Naustdal kommune søker om tilskot til etablering av kulturhusfunksjonar i eit nytt bygg ved Naustdal barne- og ungdomsskule, i samband med utviding og ombygging av skulen. Spesialrombygget skal bli brukt av skulen i skuletida og av Førde og Naustdal kulturskule til undervisning på ettermiddag og kveldstid på vekedagar, og nokre få laurdagar. Lokala skal også brukast som kulturhus for innbyggjarar og organisasjonar i Naustdal på ettermiddag og kveldstid. Søkjar legg opp til at fleire brukargrupper kan bruke ulike delar av kulturbygget på same tid, fordi lokala inneheld ulike rom med ulike funksjonar. Søkjar peiker også på at det i ein liten kommune er føremålstenleg å samle fleire funksjonar i same bygg, og at dei ved ombygginga av skulen vil legge til rette for å dekkje fleire ulike behov, både for skulen, kulturskulen og innbyggjarar/ organisasjonar i kommunen.				
Vurdering:	Søknaden er gjenteiken, den fekk første del av tilskotet i 2015 og skal få restløyving i 2016. Lokala er no ferdigstilte. Tilskot til søknaden er då ferdig løyvd.				
Godkjend totalkostnad:	23 259 000 ekskl. mva	Godkjend søknadssum:	1 070 000	Løyving:	<b>1 070 000</b>

Tiltak:	<b>1428 0052 01 Askvoll samfunnshus</b>			Søkjar:	<b>Askvoll samfunnshus</b>
	Kommunal prioritering: 1/2.				
Innhald:	Foreininga Askvoll samfunnshus søker om tilskot til skifte av 21 vindauge frå 1967, pga. at det gjev stort varmetap og slitasje på vindauga. Vidare skal søkjar oppgradere taket og skifte gesimskasse pga. smålekkasjar. Dei skal også installere trappeheis for tilkomst til kjellaretasjen og 2. etasjen i bygget, eit tiltak i høve universell utforming. Søknaden er ny.				
Vurdering:	Tiltaket med skifte av vindauge skal vere med å redusere straumforbruket i huset, og er eit ENØK- tiltak. Søknaden er i tråd med føremåla for tilskotsordninga og prioriteringane i HNK.				
Godkjend totalkostnad:	570 000	Godkjend søknadssum:	190 000	Løyving:	<b>190 000</b>

Tiltak:	<b>1438 0085 01 Realen kulturhus</b>			Søkjar:	<b>Kulturhuset Realen</b>
	Kommunal prioritering: 1/3.				
Innhald:	Foreininga Kulturhuset Realen søker om tilskot til rehabiliteringstiltak ved Realen kulturhus. Tiltaket omfattar i hovudsak skifte av tak, skifte av ein vegg, skifte av tre				

	vindauge og utbetring av inngangsparti. Søknaden er fornya, og vart godkjend i 2015, men fekk avslag pga. manglande midlar. Bygget vart bygd tidleg på 1920-talet.				
Vurdering:	Søknaden er uendra frå 2015, bortsett frå at prosessen kring tinglysing ved kjøp av eigedommen som ikkje var gjennomført i 2015 no er ferdigstilt. Foreininga Kulturhuset Realen no er heimelshavar av eigedom og bygg. Tiltaka vil ha ein positiv effekt på isolasjonsevna til bygget og er ENØK- tiltak. Søknaden er i tråd med føremåla for tilskotsordninga og prioriteringane i HNK.				
Godkjend totalkostnad:	1 288 000	Godkjend søknadssum:	429 000	Løyving:	<b>429 000</b>

Tiltak:	<b>1445 0029 01 Mardal skule</b>		Søklar:	<b>Mardal krins</b>	
	Kommunal prioritering: 1/1.				
Innhald:	Mardal krins søker om tilskot til tre delprosjekt ved gamle Mardal skule/Mardal grendahus. Del ein er rehabilitering av storsal, inkl. utbetring av støyforhold, ventilasjon, nye vassrør i tak og isolering av salen. Vidare søker dei om tilskot til å gjere lokala universelt utforma med rullestolrampe til inngangsparti, ombygging av gang og garderobe, nytt HC- toalett og tilkomst til sal. Dei søker også om ombygging og utviding av eksisterande kjøkken. Søknaden er ny.				
Vurdering:	Søknaden inneheld fleire ulike tiltak, der isolering av salen i grendehuset er eit ENØK- tiltak. Søknaden er i tråd med føremåla for tilskotsordninga og prioriteringane i HNK. Søklar og Gloppen kommune er i ein prosess med å overføre eigedomsrettar frå kommunen til Mardal krins, då dette ikkje vart gjort då krinsen overtok bygget frå kommunen. Prosessen nærmar seg avslutting, med oppmåling og tinglysing. Før tilskotet kan verte utbetalt må søklar sende inn ny dokumentasjon på rett til bruk av eigedom og anlegg i tråd med pkt. 2.6 og 1.4 i retningslinjene				
Godkjend totalkostnad:	1 225 000	Godkjend søknadssum:	408 000	Løyving:	<b>408 000</b>

Tiltak:	<b>1449 0027 01 Loen skule/bygdehus</b>		Søklar:	<b>B/A Loen Bygdehus</b>	
	Kommunal prioritering: 1/2.				
Innhald:	B/A Loen bygdehus søker om tilskot til rehabilitering av golv i storsal (sportsgolv) og tilskot til ny varmpumpe. Søknaden er ny. Bygdehuset er samlokalisert med Loen skule og barnehage, som er eigd av Stryn kommune. Salen i bygget er brukt til både kulturaktivitetar og idrettsaktivitetar, og pga. dette søker bygdelaget om tilskot til å leggje sportsgolv. Det er sportsgolv i salen også i dag, og dette er ikkje lenger sikkert nok til bruk for ein del aktivitetar. Søklar opplyser at dei er avhengig av å ha eit mangfald av ulike aktivitetar for å drifte bygdehuset, og at denne typen golv kan brukast til alle dei ulike aktivitetane som går føre seg i huset, medan t.d. parkett ikkje kan det. Søklar argumenterer for at eit stort mangfald av aktivitetar, inkludert idrett, er med på å sikre kulturaktivitetane i huset/bygda vidare fram i tid. Varmepumpa som varma opp bygdehuset, skulen og barnehagen har etter 25 års drift slutta å fungere, og det skal monterast ny varmpumpe. Dette er eit ENØK-tiltak. Kostnadane for kjøp og montering vert delt likt mellom søklar og Stryn kommune. Fylkesdirektøren har stilt spørsmål ved kostnadsdelinga med bakgrunn i at varmpumpa skal betene tre bygg, to av dei kommunale. Vidare har fylkesdirektøren peika på at eit ev. tilskot frå denne ordninga ikkje kan gå til å dekke kostnader ved kommunale driftsoppgåver, som oppvarmingsløyisingar for skule og barnehage. Stryn kommune har gitt tilbakemelding om at kostnadsdelinga er i tråd med samarbeids- og driftsavtaler mellom partane frå bygga vart oppført på 90-talet, og har sendt inn kopi av avtalene. Kommunen har også opplyst at ingen av partane subsidierer kvarandre i dette prosjektet. Totalkostnaden for varmpumpa er høg i forhold til andre søknadar til varmpumper i denne ordninga, kr 464 570 totalt. Halve kostnaden, kr 232 285, er ein del av totalkostnaden i søknaden om tilskot.				
Vurdering:	På bakgrunn av informasjon frå søklar om bruken av kulturbygget og salen vurderer fylkesdirektøren det slik at kostnaden med nytt sportsgolv kan godkjennast i denne ordninga. Sportsgolv er ikkje til hinder for nokon av dei aktivitetane som ein kan forvente å kunne drive i eit kulturbygg som har fått tilskot i denne ordninga. Samstundes vil denne typen golv legge til rette for fleire ulike aktivitetar som er viktige for drifta av bygget. Fylkesdirektøren vurderer det slik at det å gå saman om oppvarmingsløyising for lokala og kostnadar ved dette er ei fornuftig løyising, og at dette krev ein dimensjon på varmpumpa som her fører til ei høgare kostnad enn i andre prosjekt. Med				

	<p>bakgrunn i dette og stadfestinga frå kommunen på kostnadsdelinga godkjenner fylkesdirektøren heile kostanden som er lagt inn i søknaden for tiltaket med ny varmpumpe.</p> <p>B/A Loen Bygdehus har tinglyst festekontrakt med Stryn kommune. Avtalen gjeld i 40 år frå 1992, og det står no att 16 år. For å stette krava i retningslinjene pkt. 2.6.3. må søkjar dokumentere rett til bruk av eigedom og anlegg i 20 år.</p> <p>Fylkesdirektøren bad om tilbakemelding på dette frå søkjar og kommune, og har fått stadfesting frå Stryn kommune v/ rådmannen på at B/A Loen bygdehus si tinglyste festekontrakt med kommunen vert forlenga med 30 år frå og med 2016. Før eit ev. tilskot vert utbetalt må søkjar sende inn dokumentasjon på ny tinglyst avtale på slik rett i minimum 20 år fram i tid, i tråd med pkt. 1.4 og 2.6 i retningslinjene.</p>				
Godkjend totalkostnad:	434 000	Godkjend søknadssum:	145 000	Løyving:	<b>145 000</b>

## Prosjekt som ikkje vert løyvd midlar

### Godkjende søknadar som ikkje vert prioritert for midlar i 2016:

Tiltak:	<b>1401 0081 14 Eikefjord skule - kulturscene</b>		Søkjar:	Flora kommune	
	Kommunal prioritering: 1/2.				
Innhald:	<p>Flora kommune søker om tilskot til Eikefjord skule – kulturscene / Eikefjord kulturstove. Lokala er ein del av fleirbrukshallen som er planlagt i tilknytning til Eikefjord skule. Ei utviding av fleirbrukshallen skal romme kulturhus- funksjonar som scene, lager, toalett og te- kjøkken. Det er også lagt opp til sambruk av foajé/inngangsparti saman med skulen og fleirbrukshallen og sambruk av storkjøken. 50% av kostnadane ved desse lokala er teke med i søknaden om tilskot til kulturbygg. Det er også lagt opp til sambruk av toalett og garderobe som i 1. etasje i fleirbrukshallen. 50% av kostnadane for desse lokala var teke med i søknaden, kr 313 750, men i samråd med søkjar har fylkesdirektøren trekt desse kostnadane frå den godkjende totalkostnaden, då kostnaden for desse lokala var inkludert i søknaden om tilskot til spelemidlar til idrettsanlegg tidlegare i år. Søknaden er ny.</p>				
Vurdering:	<p>Den økonomiske ramma er låg. Det er difor ikkje rom for å løyve til alle kommunane sin første prioritering. Fylkesdirektøren har prioritert søknadar frå frivillig sektor i 2016. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar.</p> <p>Søkjar kan fornye søknaden i 2017.</p>				
Godkjend totalkostnad:	6 040 985 ekskl. mva	Godkjend søknadssum:	1 500 000	Løyving:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>1401 0089 01 Gamlebua i Stavang</b>		Søkjar:	Gamlebua i Stavang	
	Kommunal prioritering: 2/2.				
Innhald:	<p>Foreininga Gamlebua i Stavang søker om tilskot til restaurering av Gamlebua. Lokala skal innehalde fotogalleri, kafé, butikkksamling/butikkmuseum (inventar frå butikk som vart driven i lokala tidlegare) og minibibliotek. Lokala er meint å vere eit kultursenter og ein sosial møtestad. Gamlebua er frå 1855. Søknaden er fornya, og vart godkjend i 2015, men fekk avslag pga. manglande midlar. Totalkostnad for prosjektet og søknadssummen er noko oppjustert frå 2015, og dette er dokumentert fullfinansiert.</p>				
Vurdering:	<p>I søknaden for 2016 ligg det føre tinglyst avtale mellom eigar og Foreininga Gamlebua om bruk av lokale/eigedom med varigheit i 20 år frå 22.02.2015. Før eit ev. tilskot vert utbetalt må søkjar sende inn dokumentasjon på ny tinglyst avtale på slik rett i minimum 20 år fram i tid, i tråd med pkt. 1.4 og 2.6 i retningslinjene. Den økonomiske ramma er så låg at det ikkje er rom for å gje løyving til alle kommunane sin første prioritering. Søknaden er prioritert som nr. to av totalt to søknadar frå Flora kommune, og den vert ikkje prioritert i årets søknadsrunde. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søkjar kan fornye søknaden i 2017.</p>				
Godkjend totalkostnad:	1 843 000	Godkjend søknadssum:	614 000	Løyving:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>1411 0010 01 Breidvik og Bålen grendahus</b>		Søkjar:	Breidvik og Bålen	
---------	-------------------------------------------------	--	---------	-------------------	--

	<b>- tilleggsløyving</b>		bygdelag		
	Kommunal prioritering: 1/1.				
Innhald:	<p>Breidvik og Bålen bygdelag søker om tilskot til tiltak som dei må utføre på bakgrunn av arbeid med dei tiltaka som bygdelaget søkte om og fekk tilskot til i denne ordninga i 2013. Bygdelaget søker difor om tilleggsløyving til dei ytterlegare tiltaka ved grendehuset.</p> <p>Under arbeidet med prosjekta i førre søknad kom det fram behov for desse nye tiltaka:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Leige av byggfirma for utbetring av tak etter skade frå vasslekkasje, og legging av ny takstein for å sikre rettar gjennom garantiansvar.</li> <li>- Skifte av ytterlegare tre vindauge og ei dør, samt utbetring av bærande konstruksjonar i vegg pga. råteskade som vart oppdaga ved skifte av vindauguet som var eit tiltak i førre søknad. Kostnader ved isolering av golv og vegger og oppretting av skeivt byggverk i hovudsal, etter at det vart oppdaga behov for dette ved reparasjon av bærande konstruksjonar.</li> <li>- Skifte av elektrisk anlegg i den gamle delen av bygget, pga. at det ikkje stetta dagens krav. Oppdaga ved montering av kjøkken som var ein del av førre søknad.</li> <li>- Senking av tak i hovudsal pga. røyr for nytt elektrisk anlegg og isolering for å unngå varmetap (ENØK), nye dører og sliping og lakking av golv pga. slitasjeskader under arbeidsperioden.</li> <li>- Montering av nye rør i samband med opning av veggkonstruksjonar, naudsynt oppgradering som vart gjennomført samstundes for å spare kostnader til dette seinare.</li> <li>- Arbeidskostnader for rullestolrampe, ikkje inkludert i kostnadane for rampa i førre søknad.</li> </ul>				
Vurdering:	Fylkesdirektøren finn at tiltaka det vert søkt om tilskot til er naudsynte tiltak som det kan søkjast om tilleggsløyving til. Tiltaka er i tråd med føremåla for tilskotsordninga. Sidan den økonomiske ramma er låg rår ikkje fylkesdirektøren til å prioritere tilleggsløyvingar i 2016. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søklar kan fornye søknaden i 2017.				
Godkjend totalkostnad:	529 000	Godkjend søknadssum:	177 000	Løyving:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>1419 0033 01 Ungdomshuset Leikvang - tilleggsløyving</b>		Søklar:	Leikanger ungdomslag	
	Kommunal prioritering: 1/1				
Innhald:	<p>Leikanger ungdomslag søkte i 2014 om tilskot til eit tilbygg som inneheld tilkomst for rullestolbrukarar og andre universell utformingstiltak, energieffektivisering samt nytt fleirbruksrom og nytt kjøken og toalett. Det vart løyvd kr 1 020 000. I 2015 vart dei løyvd 257 000 til skifte av tak og takrenner på det eksisterande hovudhuset ved ungdomshuset Leikvang. Sidan eit lokalt kulturbygg kan motta inntil 1,5 mill. i ein 20-årsperiode så har Leikvang framleis ein rest på 223 000 kr til fullt tilskot.</p>				
Vurdering:	<p>Kostnaden for utbygginga i 2014 vart 570 000 høgare enn rekna ved løyvingstidspunkt. Dei søker difor om ei tilleggsløyving til prosjektet. Fylkesdirektøren finn at dette er innanfor ramma av tilskotsordninga. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søklar kan fornye søknaden i 2017.</p>				
Godkjend totalkostnad:	570 000	Godkjend søknadssum:	190 000	Løyving:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>1428 0049 01 Holmedal bygdehus</b>		Søklar:	Holmedal ungdomslag	
	Kommunal prioritering: 2/2.				
Innhald:	<p>Holmedal ungdomslag søker om tilskot til opprusting av fasade på Holmedal bygdehus, pga. sikring av veggen og av estetiske omsyn. Huset vart ferdigstilt ca. 1960. Dette er ein ny søknad.</p>				
Vurdering:	<p>Ramma til fylket er så låg at det ikkje er rom for å gje løyving til alle kommunane sin første prioritering. Søknaden er prioritert som nr. to av totalt to søknadar frå Askvoll kommune, og den vert ikkje prioritert i årets søknadsrunde. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søklar kan fornye søknaden i 2017.</p>				

Godkjend totalkostnad:	374 000	Godkjend søknadssum:	125 000	Løyving:	<b>0</b>
---------------------------	---------	-------------------------	---------	----------	----------

Tiltak:	<b>1420 0046 01 Sogndal kulturhus, nytt kulturareal</b>		Søkjær:	Sogndal kommune v/Sogndal kulturhus AS	
	Kommunal prioritering: 1 / 2				
Innhald:	<p>Sogndal kommune søker om midlar til ombygging av Sogndal kulturhus. Dei søkte i 2012 men søknaden vart ikkje godkjent. Dei søkte på nytt i 2014, men søknaden vart ikkje sendt over frå kommunen til fylkeskommunen, og difor ikkje handsama ved tildeling dette året. Årets søknad bygger på tidlegare søknader men vert sett på som ein ny søknad i og med at den ikkje har vore godkjent av fylkeskommunen tidlegare. Arbeidet er starta opp og på det næraste fullført.</p> <p>Følgjande tiltak som er gjort har blitt ein viktig del av utviklinga til Kulturhuset:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ny kinosal (kinosal 3) med plass til 76 personar</li> <li>- Ny konsertsal/undervisningsrom med plass til 150-200 personar. (Klasserom 1 og 2.)</li> <li>- 2 nye møte- og øvingsrom («Blauboxen»)</li> </ul> <p>I tillegg til at det har utvikla kinoen med 30% besøksauke, har «Blauboxen» hatt eit fast konsertprogram gjennom heile året. «Blauboxen» er og i bruk for Kulturskulen, både til øving og konsertar. Lokalet vert også nytta av fleire grupper som pensjonistlaget, trekkspelklubben, musikklaget skulemusikken, Kulturspiren mfl. Med dei nye romma og eit større areal, er det no mogleg for Kulturhuset å leggje til rette for større kulturarrangement, både i eigen og andre sin regi. Ein får også samla ein rekke ulike typar aktivitet og kulturhuset har fått ein ny dimensjon. Bygget er universelt utforma. På dagtid vil noko av området fungere som klasserom for norskundervisning. Kostnadane til Norskopplæringa sin del av felles- og sambruksareal er trekt ut av totalkostnaden.</p>				
Vurdering:	<p>Den økonomiske ramma er låg. Det er difor ikkje rom for å løyve til alle kommunane sin første prioritering. Fylkesdirektøren har prioritert søknadar frå frivillig sektor i 2016. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søkjær kan fornye søknaden i 2017.</p>				
Godkjend totalkostnad:	8 327 000 ekskl. mva	Godkjend søknadssum:	2 776 000	Løyving:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>1420 0046 02 Sogndal kulturhus, vetlesalen</b>		Søkjær:	Sogndal kommune v/Sogndal kulturhus AS	
	Kommunal prioritering: 2 / 2				
Innhald:	<p>Kulturhuset vert bygd om. Søknad om første byggetrinn. Arbeidet med Vetlesalen (Kinosal 2) er ei vidareføring av denne ombygginga. Vetlesalen ein fleirbruksal som opphavleg vart kombinert med undervisning ved HSF. I dette ligg det og kompromiss når det gjeld siktsonar, akustikk og utforming til bruk i kinosamanheng. Dei ønskjer difor sterkt å oppgradere denne til dagens krav og forventningar. Dette er i det vesentlege bygningsmessige tilpassingar for å betre akustikk og sikt, der taket må hevast.</p>				
Vurdering:	<p>Ramma til fylket er så låg at det ikkje er rom for å gje løyving til alle kommunane sin første prioritering. Søknaden er prioritert som nr. 2 frå Sogndal kommune. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søkjær kan fornye søknaden i 2017.</p>				
Godkjend totalkostnad:	450 000 ekskl. mva.	Godkjend søknadssum:	150 000	Løyving:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>1433 0002 09 Naustdal barne- og ungdomsskule, bibliotek</b>		Søkjær:	<b>Naustdal kommune</b>	
	Kommunal prioritering: 2/2.				
Innhald:	<p>Naustdal kommune søker om tilskot til ombygging av Naustdal bibliotek, i samband med utviding og ombygging av Naustdal barne- og ungdomsskule. Biblioteket, som skal fungere både som folkebibliotek og skulebibliotek, skal få ei ny og meir sentral plassering i skulen. Bibliotek-areala skal byggjast om mellom anna for å sikre universell utforming, legge delar av arealet særskilt til rette for barn og unge, gje betre energiløysingar og å legge til rette for dei ulike driftsfunksjonane ved</p>				

	biblioteket. Søknaden er fornya, og vart godkjend i 2015, men fekk avslag pga. manglande midlar. Søknaden er uendra i 2016.				
Vurdering:	Ramma til fylket er så låg at det ikkje er rom for å gje løyving til alle kommunane sin første prioritering. Søknaden er prioritert som nr. to av totalt to søknadar frå Naustdal kommune, og den vert ikkje prioritert i årets søknadsrunde. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søkjar kan fornye søknaden i 2017.				
Godkjend totalkostnad:	1 700 000 ekskl. mva	Godkjend søknadssum:	567 000	Løyving:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>1449 0072 01 Aldaheim</b>		Søkjar:	Olden ungdomslag	
	Kommunal prioritering: 2/2.				
Innhald:	Olden ungdomslag søker om tilskot til ombygging av gang for tilkomst til toalettfasilitetar og kjøkken i kjellar, og ombygging av toalett i kjellar, begge tiltak for å gjere lokala universelt utforma. Vidare søker ungdomslaget om isolasjon av himling i sal i 2. etasje, varmpumper, og ny ytterdør i kjellar. Desse tiltaka skal redusere varmetap og kostnader til oppvarming og er ENØK- tiltak. Søknaden er ny.				
Vurdering:	Ramma til fylket er så låg at det ikkje er rom for å gje løyving til alle kommunane sin første prioritering. Søknaden er prioritert som nr. to av totalt to søknadar frå Stryn kommune, og den vert ikkje prioritert i årets søknadsrunde. Søknaden har status «godkjend», men er avslått grunna anna prioritering og manglande midlar. Søkjar kan fornye søknaden i 2017.				
Godkjend totalkostnad:	521 000	Godkjend søknadssum:	174 000	Løyving:	<b>0</b>

### Ikkje godkjende søknader:

Tiltak:	<b>1413 0036 01 Lifjorden Grendahus</b>		Søkjar:	<b>Lifjorden grendalag</b>	
	Kommunal prioritering: 1/1				
Innhald:	Lifjorden grendalag søker om midlar til ombygging / modernisering av Lifjorden grendahus. Dette er ein samlingsplass for bygda og blir i tillegg brukt til private lag. Det er ikkje vist til at huset vert brukt til fast aktivitet gjennom året. Dei ønskjer å utvide kjøken til dagens behov og samtidig lage eit uteområde med tak.				
Vurdering:	Fylkesdirektøren har gitt søknaden status «ikkje godkjent». Dette fordi søknaden ikkje stettar krava i retningslinjene pkt. 2.6.3 om at det er søkjar som skal ha rett til bruk av grunn og anlegg, og at denne retten skal gjelde i minimum 20 år. Lokala det vert søkt om tilskot til stettar heller ikkje krava i pkt. 1.3.2 om universell utforming. Det manglar dokumentasjon på finansiering. Søknaden vert difor avslått. Søkjar kan fornye søknaden i 2017.				
Godkjend totalkostnad:	0	Godkjend søknadssum:	0	Løyving:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>1416 0015 02 Lavikdal grendahus</b>		Søkjar:	Lavikdal grendalag	
	Kommunal prioritering: 1/1				
Innhald:	Lavikdal grendalag søker om tilskot til rehabilitering og ombygging av Lavikdal grendahus. Søkjar skal renovere eksisterande toalettfasilitetar i 1. etasje, byggje nye toalettfasilitetar i 2. etasje (HC- toalett og vaskerom), slik at også 2. etasje av bygget vert universelt utforma. Det skal også byggjast rullestolrampe og leggast nytt fast dekke ved inngangspartiet.				
Vurdering:	Søknaden er ny, og er den einaste frå Høyanger kommune i år. Fylkesdirektøren har gitt søknaden status «ikkje godkjent». Grunnane til dette er at tiltaka i søknaden er ikkje dokumentert fullfinansiert, og etter fylkesdirektøren sine utrekningar manglar det 129 784 kr for at finansieringa er i orden. Søknaden inneheld heller ikkje dokumentasjon på at Lavikdal grendalag har rett til bruk av eigedom og anlegg i tråd med krava i retningslinjene. Eigar som er oppført i grunnboka pr. i dag er Lavikdal ungdomslag, men Lavikdal grendalag tok over huset etter at ungdomslaget vart avvikla. Søkjar har fått tilbakemelding om at dette må rettast opp, og det vert jobba vidare med. Søknaden vert difor avslått. Søkjar kan fornye søknaden i 2017.				
Godkjend totalkostnad:	0	Godkjend søknadssum:	0	Løyving:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>1438 0088 01 Kulturhuset Heimen, sal</b>		Søkjar:	Bremanger kulturlag	
	Kommunal prioritering: 2/3.				

Innhald:	Bremanger kulturlag søkjer om tilskot til etablering av ventilasjonsanlegg og brannvarslingsanlegg. Søknaden er ny i 2016.				
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren har gitt søknaden status «ikkje godkjent». Grunnen til avslaget er at lokala ikkje stettar krava i retningslinjene pkt. 1.3.2 om universell utforming, at prosjektet er ikkje dokumentert fullfinansiert, at fylkesdirektøren treng tilbakemelding frå søkjar i høve til krava i pkt. 2.3 om at eit ev. overskot for huset skal nyttast til vidare drift eller vidare investeringar i kulturbygget og at søkjar ikkje har dokumentert at dei har rett til bruk av eigedom og anlegg i minimum 20 år i tråd med krava i retningslinjene.</p> <p>Søkjar Bremanger kulturlag eig ikkje kulturhuset Heimen, det er eigd av Reidun Øvrebotten. Øvrebotten er i følgje Brønnøysundregistrene leiar for Bremanger kulturlag, men det er like fullt søkjar Bremanger kulturlag som må dokumentere at dei har rett til bruk av eigedom og anlegg i minimum 20 år, jf. retningslinjene pkt. 2.6.3 og 1.4.</p> <p>Bremanger kommune opplyser at bygget ikkje er universelt utforma pr. i dag, og at eigar har signalisert at dette blir sett på framover. Kravet om universell utforming etter pkt. 1.3, 1.3.2 og 2.8 i retningslinjene må vere oppfylt for at fylkesdirektøren skal kunne godkjenne søknaden. Dersom eit bygg ikkje er universelt utforma må ev. tiltak som sikrar universell utforming inngå som ein del av ein søknad om tilskot. Vidare er prosjektet ikkje dokumentert fullfinansiert. Fylkesdirektøren har også etterspurt tilbakemelding frå søkjar i høve kravet i pkt. 2.3 i retningslinjene og kravet om at eit ev. overskot for huset skal nyttast til vidare drift eller vidare investeringar i kulturbygget. Slik tilbakemelding har fylkesdirektøren ikkje fått innan fristen for ferdigstilling av saksframstillinga.</p> <p>Søknaden vert difor avslått. Søkjar kan fornye søknaden i 2017.</p>				
Godkjend totalkostnad:	0	Godkjend søknadssum:	0	Løyving:	<b>0</b>

Tiltak:	<b>1438 0089 01 Strandhall / Ryland Grendahus</b>		Søkjar:	<b>Ryland grendahus</b>	
	Kommunal prioritering: 3/3				
Innhald:	<p>Ryland grendahus søkjer om midlar til å bytte tak. Det er lekkasjar fleire stadar. Dette er også eit ENØK-tiltak. Grendahuset er eit tidlegare ungdomslagshus som grendalaget har overtatt da ungdomslaget vart lagt ned. Dei treng også å gjere tiltak for universell utforming, m.a. handikaptalett. Dei har tilkomst for rullestol til huset. Huset er i aktiv bruk m.a. til zumba, seniordans, årlege arrangement, andre arr og div utleige. Søkjaren manglar teikningar over bygget og kan ikkje vise til universell utforming i bygget. Dei må også ordne opp i grunnboka slik at dei står som rette eigarar av bygget.</p>				
Vurdering:	<p>Fylkesdirektøren har gitt søknaden status «ikkje godkjent».</p> <p>Søknaden stettar ikkje krava i retningslinjene pkt. 2.6.3 om at det er søkjar som skal ha rett til bruk av grunn og anlegg, og at denne retten skal gjelde i minimum 20 år. Lokala det vert søkt om tilskot til stettar heller ikkje krava i pkt. 1.3.2 om universell utforming.</p> <p>Søknaden vert difor avslått. Søkjar kan fornye søknaden i 2017.</p>				
Godkjend totalkostnad:	0	Godkjend søknadssum:	0	Løyving:	<b>0</b>